



Ph.d. i helse- og sosialfag,
Profesjonsutøving – vilkår og utvikling

Prøveforelesing og forsvar av doktorgradsavhandling

Doktorand: Eli-Karin Sjøstad Åsebø

Fredag 6. oktober 10.15–15.00
Høgskulen i Volda

Lenke til strømming:

<https://www.youtube.com/watch?v=543q79SLSi4>



HØGSKULEN I VOLDA



Høgskolen i Molde
Vitenskapelig høgskole i logistikk

Eli-Karin Sjøstad Åsebø held prøveforelesing og forsvarer avhandlinga si for doktorgraden i helse- og sosialfag: Profesjonsutøving – vilkår og utvikling. Ph.d.-studiet blir gitt av Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde i fellesskap. Disputasen er avsluttande del av doktorgradsstudiet.

Tittel

«Exploring Contextual Stressors and Coping Strategies in Physical Education. A Case Study Approach»

Oppsummering

Avhandlinga utforskar korleis ungdomsskuleelevar opplever kroppsøvingfaget, med særskild vekt på korleis elevane oppfattar stressande faktorar og bruker strategiar for stressmeistring. Tre vitenskaplege artiklar undersøker om elevane opplever stress i kroppsøving, kva som eventuelt stressar dei, og kva strategiar dei nyttar for å handtere stress. Avhandlinga viser at fleirtalet trivst i kroppsøvingstimane, og at dei fleste aldri eller sjeldan opplever stress i faget. Nokre elevar opplever kroppsøving som mindre stressande enn andre fag, og nokre opplever det som stressreduserande, medan andre handterer stressande situasjonar lettare etter kroppsøvingstimane. Likevel har enkelte elevar ofte eller av og til negative opplevingar eller kjensler i kroppsøving. Elevane sine oppfatningar er avhengige av situasjonen, innhaldet i timane, forholdet og oppførselen til medelevar og læraren, tidlegare erfaringar og personlege vurderingar av ulike stressfaktorar. Avhandlinga løftar fram ei rekkje ulike stressfaktorar og belyser både likskapar og forskjellar mellom elevar med ulike føresetnader, erfaringar og kjønn. Jenter ser ut til å vere meir følsame

for stressfaktorar enn gutar, spesielt i det å vere synleg, møte utfordrande oppgåver og ha låg meistringstru. Funna framhevar betydninga av gode sosiale relasjonar og av å skape positive, trygge læringsmiljø i kroppsøvingstimane.

Bakgrunn

Inspirasjonen kjem frå erfaringar som kroppsøvingslærer og lærarutdannar i møte med barn og unge som opplever negative erfaringar, utfordringar og barrierar i kroppsøving. Eg ønskte å forstå korleis ulike elevar opplever kroppsøvingfaget, om dei opplever stress, og kva dei eventuelt gjer for å handtere stressande situasjonar i faget. Vidare ville eg forstå korleis ein som lærar kan førebyggje stressande situasjonar og leggje til rette for at fleire elevar opplever meistring og rørsleglede i kroppsøving, slik at faget legg grunnlaget for ein fysisk aktiv kvardag for alle.

Kva betydning kan forskinga få?

Skulen blir sett på som ein viktig arena for helsefremjande arbeid og grunnlaget for ei berekraftig samfunnsutvikling. Skulen generelt, og kroppsøving spesielt, har blitt framheva som ein sentral arena for arbeid med livsmeistring og helse. Det er behov for meir forskning og kunnskap som identifiserer dei



Eli-Karin Sjøstad Åsebø (44) har hovudfag i kroppsøvings- og idrettspedagogikk frå Noregs idrettshøgskole (2005). Åsebø har også praktisk-pedagogisk utdanning (2002) og mellomfag (2001) frå Noregs idrettshøgskole, årseining i kroppsøving (2000) og grunnfag i tysk (1999) frå Høgskulen i Volda og har tidlegare jobba som kroppsøvingslærer. Åsebø er i dag fast tilsett som høgskulelektor ved Institutt for idrett og friluftsliv i Avdeling for kulturfag på Høgskulen i Volda.

spesielle forholda ved skulen og identifiserer kva det er med skulesituasjonen som skaper stress, kjønnsforskjellane i årsak og oppleving av stress, korleis elevar taklar stress frå deira perspektiv, og kva samfunnet kan gjere for å redusere stress blant unge menneske. I timetal er kroppsøving det tredje største faget på barne- og ungdomsskulen, og det er eit av to fag som er gjennomgåande i 13 års skulegang. Avhandlinga bidreg med kunnskap om korleis elevar på ungdomstrinnet erfarer kroppsøvingfaget, med særleg vekt på stress og strategiar for stressmeistring.

Medlemmar av bedømmingskommisjonen

Suzanne Lundvall

Professor, Gøteborgs universitet

Anne Thorild Klomsten

Førsteamanuensis, NTNU

Oskar Solenes

Førsteamanuensis, Høgskolen i Molde

Hovudrettleiar

Rune Johan Krumsvik

Professor, Universitetet i Bergen / Høgskulen i Volda

Medrettleiar

Helga Synnevåg Løvoll

Professor, Høgskulen i Volda

Program

10.15: Prøveforelesing

Tema for prøveforelesinga:

«Mangfald, inkludering og ekskludering – utfordringar i kroppsøvningsfaget?»

11.00: Pause

12.15: Disputas

Tittelen på avhandlinga er «Exploring Contextual Stressors and Coping Strategies in Physical Education. A Case Study Approach».

- Prosesjon innmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet
- Dekan introduserer doktorand og avhandlinga
- Doktoranden gjer greie for avhandlinga
- Førsteopponent eksaminerer doktoranden
- Kort pause – ca. 10 minutt
- Andreopponent eksaminerer doktoranden
- Opponentar ex auditorio
- Prosesjon utmarsj (publikum reiser seg)
Dekan, doktorand, bedømmingskommisjon og leiar i doktorgradsutvalet

Avhandlinga er tilgjengeleg for offentleg gjennomsyn frå og med 22. september på Studentsørvis og i biblioteket.

